

Kodejakta

– ein friluftskonkurransen for alle



Bli premiert for å gå på tur

Kodejakta er eit tilbod til deg som er glad i friluftsliv og som likar spenstige utfordringar. Eller kanskje det like mykje er eit tilbod til deg som likar å ferdast i den flotte naturen som kommunen vår har å tilby. Her kjem ei ny utfordring til deg:

Rundt om i kommunen har me plassert 10 små skilt som alle har ein unik kode. Skilta er å finna i ulike områder, nokre er det relativt enkelt å ta seg fram til, andre er plasserte i litt meir krevjande terreng. Kvar skilt du finn og kvar kode du noterer deg på skjemaet ditt,

gir deg ein sjanse til å vinna i friluftskonkurransen vår. Finn du alle dei ti skilta og kodane, så deltek du altså med heile ti lodd i trekninga om fine premiar.

Karta viser kor kodane er plasserte. Som du ser har dei ulike farge:

- Enkel løype. Her kan du ta deg fram med både barnevogn og sykkel. Sjekk om du også kan komma fram med rullestol.
- Middels utfordring
- Ein litt meir krevjande tur.

Konkurransereglar

Leit deg fram til kodeskiltet som er plassert på turen din. På kartet er plasseringa til kodeskiltet omtrentleg markert med ✗. Noter koden på skiltet i skjemaet som du finn bak i brosjyren.

Kvar tur har éin kode. Du kan ikkje notera denne koden meir enn ein gong. Maks. ti kodar på skjemaet ditt.

Kvar turkode gir deg éin vinnarsjanse. Går du alle ti turane deltek du altså med ti «lodd» i konkurransen. Merk at du likevel må ha funne minst fem av kodane for å delta i konkurransen om hovudpremien.

Kodane, saman med namn på staden du fant dei, sender du saman med namnet ditt, adresse og tlf.nr. til eldfinn.austigard@hjemmeland.kommune.no seinast 1. november.

Du kan òg senda utfylt konkurranse-skjema til:

Hjemmeland kommune
Kulturkontoret
Vågavegen 115
4130 Hjemmeland

Premiering vil skje innan 10. november.

Kodejakta er støtta av

Sparebankstiftelsen
SR-BANK

Har du lyst å utforske andre turmål? Hjemmeland kommune har mange andre interessante turstiar å velja mellom. Sjå www.hjemmeland.kommune.no (turstiar) eller www.ut.no (Hjemmeland)

Premiar:

1. premie:

**DOVREFJELL CLASSIC
LAVVO 4-6 PERS, MED
BOTNDUK OG OMN**



2.–6. premie:


Boka «Turen jeg aldri glemmer», redigert av Aleksander Gamme, der Lars Flatø Nessa og Lars Hetland Ringnes er medforfattarar.

Frå bokomtalen: *Er det en tur du husker spesielt godt? En tur da noe uforutsigbart skjedde som du i ettertid har forstått markerte en milepæl i livet ditt? Aleksander Gamme og 15 andre eventyrere deler her slike ufor-glemmelige øyeblikk med deg og forteller om turen de aldri glemmer.*



**«TUREN JEG ALDRI
GLEMNER»**

KONKURRANSEFRIST: 31. OKTOBER 2016



P Parkering

Fylkesveg

Turveg

Heggland – Låtveit

Turen til Låtveit startar frå parkeringsplassen ved Hegglandsånå på Fjellet, rett ved fylkesvegen som går frå Hjelmeland til Vormedalen.

Den første delen av turen går på asfaltert bilveg opp til den øvste garden på Heggland, der du går gjennom tunet og held fram på skogsvegen oppover lia. Den siste delen av turen går på sti gjennom skog og myr, så det kan vera lurt å sko seg for fuktig terreng.

Låtveit var husmannsplass under Hagalid, og det budde folk her fram til etter den andre verdskrigen.



Frå Låtveit går det òg merka sti vidare til både Skomakarnibbå og Hagalid.

Turen tek om lag éin time, og har ein høgdeforskjell på om lag 200 meter. Ruinane etter det gamle tunet ligg på om lag 405 m.o.h.



P Parkering
 ★ Utkikkspunkt
 — Riksveg
 — Fylkesveg
 — Turveg

Nesdalsfjellet

Turen til toppen av Nesdalsfjellet er ei kort og fin turløype i nærmiljøet på Jøsneset.

Løypa startar anten frå parkeringsplassen ved ferjekaien i Nesvik, eller frå ein liten parkeringsplass ved Jøsnesvegen.

Den første delen av turen går på landbruksveg langs frukthage og dyrka mark. Det er merka ei rundløype delvis på skogsveg og delvis på sti. Det er nokre små, lette kneiker, men elles er turen barnevennleg og fin å gå. Frå toppunktet på Nesdalsfjellet (om lag 155 m.o.h.)



kan du setja deg ned på benken og nyta den fine utsikta over heile det vide fjordlandskapet, og ned til ferjekaien på Nesvik.

Rundturen tek om lag éin time. Jøsneset Helselag har turpostbok på Nesdalsfjellet.



P Parkering

★ Utkikkspunkt

— Riksveg

— Fylkesveg

— Turveg

Skulp-turen

Skulp-turen er ei turløype som går på asfaltert gangsti og kupert turterreng i Hjelmeland sentrum.

I denne løypa kan du ta deg fram til skiltet og koden enten du har rullestol, barnevogn, eller sykkel.

Studer kartet. Men går du heile løypa så har den nokre hinder, bla. stien opp til Hjelmen og stien som går inn mot Vågabrua. Stien som går opp til Hjelmen er derfor «blå», altså middels krevjande.

Meir informasjon om Skulp-turen finn du på www.ut.no/skulpturen





- P Parkering
- ★ Utkikkspunkt
- Riksveg
- Fylkesveg
- Turveg

Bandåsen på Ombo

Frå Tjeltveit om Helgaland går ein til topps på Bandåsen (513 m.o.h.). Ein kan òg starta frå Seltveit eller Helgaland, eller gå ei rundløype Seltveit–Helgaland–Bandåsen–Seltveit.

Løypa er ikkje merka mellom Seltveit og Bandåsen, men dei andre traséane er godt merkte.

Å koma på Bandåsen gjev inntrykk av å vera på «Ryfylkes tak». Herifrå er det storfelt utsyn over Ryfylke.

Bandåsen ligg i grenseland mellom kommunane Hjelmeland og Finnøy, og turen tek ca. tre timar tur/retur.



Merk at vegen til Tjeltveit er privat den siste biten frå parkeringsplassen på Tuftene.



P Parkering

★ Utkikkspunkt

D Drikkevatt

— Fylkesveg

— Turveg

Heståsen på Fister

Parkeringsplassen ved Fister skule er utgangspunkt for eit heilt nett av turløyper. Rundturen til Heståsen tek om lag 1,5–2 timar.


Turen startar på skogsveg, delvis gjennom eit hogstfelt, til du kjem inn på stien som fører gjennom skogen og vidare til fylkesvegen. Gå nokre hundre meter vidare på fylkesvegen, før du svingar av ved opplagsplassen Stemmen (privat område).

Frå Stemmen går turen vidare på fin skogsveg langs Litlavatnet, før skogsvegen svingar til høgre opp mot Heståsen. Den siste biten av



turen opp mot utstiktpunktet går på merka sti.

På veg tilbake kan du leggja turen innom den gamle husmannstufta Svindalsplassen, eller ta ein liten avstikker til den vesle hytta Einars kvile.



P Parkering

Riksveg


Turveg

Riskedalsvatnet

Frå Årdal gamle kyrkje kan du ta deg fram langs den gamle Prestavegen gjennom Bønarliia og fram til Riskedal; på sykkel, om du vil, kanskje også med barnevogn dersom du er sterk, for her er to-tre bratte bakkar.

Ynskjer du å forlenga turen kan du fylgja merka sti frå enden av Prestaveg-traséen opp til riksveg 13. Vidare langs denne og til høgre ca. 100 meter før du kjem ned til Riskedalsvatnet. Vidare langs merka sti parallelt med riksvegen fram til trebrua over Melsånå. Vidare langs Melevegen opp til gamlekyrkja.





P Parkering

 Kommunal veg


 Turveg

Bjødabu

Ved den korte skiløypetraséen på Bjødabu er det plassert ein kode som vist på kartet.

På denne turen skal det vera mogleg å ta seg fram med både sykkel, barnevogn og rullestol. Bjødabu er elles eit fint utgangspunkt for andre turmål innover i heia, då helst via Bjødabufossen.





Parkering



Utsikkspunkt



Drikkevatt



Kommunal veg



Turveg

Gjessfjell – Glos


Start turen frå parkeringsplassen ved Gjessfjell. Dit kjem ein ved å ta av ved avkjørsla som er merka «Geisfjell» ved Ingvaldstad på riksveg 13 mellom Hjelmeland og Årdal.

Følg merka sti/traktorveg oppover frå parkeringsplassen. Første del av turen er i utmark, med gradvis stigning.

Med godt skotøy er turen ganske lett å gå, og godt eigna for både store og små.

Turen tek om lag 1–1,5 timar tur/retur Gjessfjell–Glos.





P Parkering

★ Utkikkspunkt


Jodejuvet

Det kan vera fleire stival for å ta seg fram til Jodejuvet, som ligg på heia aust av garden Leidå i Årdal.

Det er kanskje lettast å ta av frå bilvegen som går innover i Lyngsheia, og kryssa over Livastølmyrane mot Jodejuvet. Her er det derimot nokså avgjerande at du orienterer deg etter eige kart for området, til dømes kartblad 1313III Lyngsheia.



Jodejuvet er djupt, med bratte berg langs sidene, så her må du vera veldig varsam. Nede i juvet bur sjølvaste Jodekongen. Du kan lesa om han på eit oppslag som du finn like ved juvet.



P Parkering

★ Utkikkspunkt

Brendeknuten

Turen til Brendeknuten kan ein starta på både frå Årdal og Hjelmeland. Men den vil nok vera enklast å nå fram til om ein kjører til Bjødnabu og følgjer stien som går innover mot mellom anna Svartatjødnå og vidare.

Turen burde nok kanskje vore merka «ekstra raud.» Du bør nemleg rekna ca. tre timar kvar veg frå Bjødnabu, og du bør ha litt kjennskap til orientering for å kunna gå denne turen.



2016

Fjellvettreglane

1. Planlegg turen og meld frå kor du går
2. Tilpass turen etter evne og forhold
3. Ta omsyn til vêr- og skredvarsel
4. Ver førebudd på uvêr og kulde, sjølv på korte turar.
5. Ta med nødvendig utstyr for å kunna hjelpa deg sjølv og andre.
6. Ta trygge vegval. Kjenn igjen skredfarleg terreng og usikker is.
7. Bruk kart og kompass. Alltid vit kor du er.
8. Vend i tide, det er ingen skam å snu.
9. Spar på kreftene og søk ly om nødvendig.

UT.no

Registreringskjema

	Turmål	Besøkt dato	Kode
1	Låtveit		
2	Nesdalsfjellet		
3	Skulp-turen		
4	Bandåsen		
5	Heståsen		
6	Prestavegen		
7	Furevatnet		
8	Glos		
9	Jodejuvet		
10	Brendeknuten		

Namn	Adresse	Telefonnr.

God tur!

Hjelmeland kommune © 2016
Grafisk utforming: Hetland Media



Utsikt fra Fjellsenden
ved Jodejuvet
(Foto: Leif Livåstøl)



HJELMELAND
KOMMUNE

inkluderande, løysingsorientert & framtidsetta

